

# Retningslinjer for utviklingsmidlar

## Kriterier søknader for perioden 2018-2019 vert vurdert etter:

- Aktuelle kandidatar til stillingane er medarbeidarar ved Høgskulen på Vestlandet (nærregion Bergen), VID vitenskapelige høgskole (campus Bergen) og Bergen kommune innan følgande fag: bachelor i ergoterapi, fysioterapi, sjukepleie, sosialt arbeid og vernepleie.
- Den kombinerte stillinga skal nyttast til arbeid som kan bidra til å oppnå overordna målsettinga og det må gå klart fram kva ein vil oppnå med stillinga.
- Søknad må greie ut om konkrete arbeidsoppgåver, arbeidsformer/plan, korleis arbeidet er tenkt organisert og planar for oppfølging av medarbeidar som får delt stilling frå begge parter (høgskule og kommune)
- Det kan søkast om midlar til følgande:
  - Kombinert stilling: 20% av fast stilling blir kjøpt fri frå tildelte midlar slik at delar av noverande stilling kan frigjerast til oppgåver skildra i søknaden. Heile tilsettingsforholdet vil vere hjå hovudarbeidsgjevar.
  - I same søknad kan det søkast om to 20% stillingar: for ein kandidat frå kommune og ein frå høgskule, dersom det er hensiktsmessig og ønskeleg å jobbe saman i par for å oppnå målsettinga.
  - Bistilling: 20% kan leggest på topp av noverande stilling. Tilsettingsforholdet i 20% stillinga vil då vere hjå samarbeidande institusjon.
- Det kan ikkje søkast om driftsmidlar el. knytt til kombinerte stillingar
- Noverande årslønn/lønnstrinn vert lagt til grunn
- Søknaden må utarbeidast i fellesskap mellom einingar/miljø ved høgskular og i kommunen som skal samarbeide om den kombinerte stillinga
- Søknadar vert vurdert ut frå kvalitet, fagmiljøa sin storleik, tal på studentar og overføringsverdi. Det vert lagt vekt på ei jamn fordeling mellom høgskular og kommunen, tverrfagleg samarbeid og studentinvolvering, samt at kandidatar har mastergrad. Det vil bli positivt vektlagt med søknadar der det er lagt opp til at to kandidatar jobbar i par

Leiarar som får tildelt midlar må etter tildeling, sende inn ein plan for gjennomføring. Det er krav om rapportering av resultat, aktivitet og rekneskap etter 1 år og ved avslutning.

## Søknadshandsaming

Søknadsskjema skal nyttast, og for at søknadar skal kome til vurdering må det føreligge skriftleg anbefaling frå leiarar (leiarnivå: Instituttleiar og Resultateiningsleiar)

Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Utdanningsrådet (med representantar frå Bergen kommune og høgskulane) gjennomgår søknadane og legg dei fram for Utdanningsrådet som utifrå dette kjem med ei innstilling.

Endelig vedtak vert fatta av Samarbeidsmøtet med representantar frå Bergen kommune og høgskulane.

### **Rapportering og formidling**

Rapportering av resultat, aktivitet og rekneskap er obligatorisk. Manglande rapportering vil ha konsekvensar for eventuell seinare tildeling.

Erfaringar formidlast tilbake til praksis t.d. gjennom fellesseminar mellom høgskulens tilsette, studentar og praksis.

Ved publikasjonar må det gå fram at kombinerte stillingar er finansiert av utviklingsmidlar.

Retningslinjer er revidert 07.06.17